

Sluttrapport om seminar om gravejournalistikk for Apollon, Uniforum og Universitetsavisa

Innføring i arbeidsmetodar og teknikkar

Den 2. og 3. november hadde dei tre universitetspublikasjonane seminar om gravejournalistikk på Universitetet i Oslo.

Den første dagen fekk me innføring i arbeidsmetodar og teknikkar i gravejournalistikk ved Kristine Holmelid og Asbjørn Leirvåg frå Senter for undersøkjande journalistikk (SUJO) ved Universitetet i Bergen. Journalistar og redaktørar frå dei tre publikasjonane fortalde om moglege idear som kunne bli til gravesaker. Nokre av gravesakene var også blitt kunngjorde overfor foredragshaldarane på førehand. Deretter blei alle dei 11 deltakarane delte inn i forskjellige grupper med representantar frå ulike publikasjonar for å koma med nye innspel til dei ulike ideane.

Dagen blei avslutta med ei oppsummering av arbeidet i dei ulike gruppene. Dei to kursleiarane oppfordra folk til å senda lenkjer til dei når sakene var ferdige, slik at dei også kunne få tilbakemeldingar etter publisering. På kvelden hadde med ein felles seminarmiddag.

Statssekretær med god karakter

Dag 2 av kurset handla om ein gjennomgang av graveprosjekt publisert av ein annan publikasjon med medlemskap i Fagpressa. Men aller først fekk me eit innlegg frå statssekretær Oddmund Løkensgard Hoel i Kunnskapsdepartementet, der han fortalde om universitetsavisene sett frå Kunnskapsdepartementet. Kvar er blindsonene våre? var hovudspørsmålet han fekk. Han gav universitetsavisene i hovudsak god karakter, men han oppfordra dei til å bli flinkare til å ta bakgrunnssamtalar både med statssekretæren og andre i den politiske leiinga. Han snakka forbausande ope om det som skjer i KD, og det vil universitetsavisene også ha nytte av framover.

Mobiltelefonen viktigaste nyhendiformidlar

Deretter var turen komen til redaksjonssjef Bjørnar Kjensli i Forskning.no som fortalde rett frå levra om sitt inntrykk av dei tre universitetsavisene. Også han skulle koma inn på kva som er blindsonene til publikasjonane våre. Det enda opp med ei oppfordring om å laga betre versjonar av mobilversjonane til desse avisene, sidan det er mobiltelefonen som blir brukt av flest folk til å halda seg oppdatert på nyhendifronten. Derfor meinte han at utsjånaden på nettstaden på mobilen i dag er endå viktigare enn utsjånaden på den nettstaden folk ser på PC-en. Samtidig gav han råd om å tipsa sol.no om saker, fordi dei er flinke til å spreia sakene via nettet.

Falske universitet som gravesak

Siste del av dagen før lunsj handla om eit gjennomført graveprosjekt i sektoravisa Khrono. Der kom tidlegare Khrono-journalist Torkjell Trædal og framleis Khrono-journalist Mats Arnesen inn på korleis dei gjekk fram for å skaffa stoff og bakgrunnsmateriale til saka om dei falske universiteta <https://khrono.no/de-falske-universitetene/489010>, ei sak som dei blei nominerte til SKUP-prisen for.

Dei viste korleis dei gjennom ulike nettsider og Facebooksider klarte å kartleggja korleis ein person med base i Lier kunne klara å lura mange til å tru at han dreiv eit norsk universitet med adresse i eit falleferdig hus i Lier. Saka enda med at personen trekte seg som leiar for lokalpartiet i heimkommunen.

Dagen blei avslutta med ei omvising i den nye geologiske utstillinga til Naturhistorisk museum på Tøyen med Peter Bøckman som omvisar og med botanikar Charlotte Sletten Bjørø som omvisar i herbariesamlinga til Botanisk museum. Begge omvisarane fekk toppkarakterar av dei som deltok.

Etter seminaret er det blitt publisert tre saker i dei tre universitetsavisene på grunnlag av dei ideane som blei presenterte for Kristine Holmelid og Asbjørn Leirvåg. Truleg blir det publisert andre gravesaker i løpet av dei komande månadene.

Dette er dei aktuelle sakene:

Frå Uniforum:

UiO vil ut av festekontrakt – kan spara 162 millionar kroner

<https://www.uniforum.uio.no/nyheter/2022/11/uio-vil-ut-av-festekontrakt---kan-spara-162-millio.html>

UiO får ikkje grønt lys til å overta festetomter på Nedre Blindern gratis

<https://www.uniforum.uio.no/nyheter/2022/11/uio-far-ikkje-gront-lys-til-a-overta-festetomter-p.html>

Frå Universitetsavisa:

700 gjesteforskere fra 70 land

<https://www.uniforum.uio.no/nyheter/2022/11/700-gjesteforskere-fra-70-land--universitetene-man.html>

Etter foredraget med dei to kurshaldarane frå Senter for undersøkjande journalistikk, blei det sendt rundt evalueringsskjema frå senteret. Inntrykket er at både kurshaldarane og opplegget for kurset fekk godt skussmål av deltakarane.

Apollon-redaksjonen og ikkje minst primus motor Yngve Vogt gjorde ein glimrande jobb med organiseringa av seminaret.

Oslo, 12. 12.2022

(Rapportskrivar: Martin Toft, ansvarleg redaktør for Uniforum)

Dette var programmet for heile seminaret:

Velkommen til journalistseminaret i Oslo onsdag 2/11 og torsdag 3/11.

(Vær obs på at møtelokalet torsdag 3/11 er flyttet til Blindern)

Seminardag 1 - Onsdag 2/11:

Klokka 11.00 - 12.00. Lunsj

Klokka 12.00 - 16.00.

Dagen er viet gravende journalistikk. Temaet er: ««Slik jobber du systematisk med undersøkjende journalistikk"»»

Kurslederne for dagen er reportasjelederne Asbjørn Leirvåg og Kristine Holmelid på Senter for undersøkjende journalistikk (SUJO) ved Universitetet i Bergen.

<https://sujo.w.uib.no/>

Asbjørn Leirvåg har vært TV2-journalist i 20 år. Han har også vært kommunikasjonsrådgiver på det Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet ved UiB.

Kristine Holmelid har i 20 år vært journalist og reportasjeleder. I Bergens Tidende ledet hun arbeidet med undersøkende og fortellende journalistikk. Hun har sittet i SKUP-juryen.

De sier:

«Det er viktig at alle redaksjoner har med en eller to idéer til undersøkende prosjekter de ønsker å jobbe med. Det må være noe mer enn en løs idé, de må også ha gjort litt research. Vi bruker idéene fra deltakerne gjennom timene våre.

Så presenterer SUJO sitt forslag til modell for å jobbe med undersøkende prosjekter - startfase, midtfase og slutfase i et undersøkende prosjekt. Ved hjelp av nye verktøy knar vi idéene og lager en plan for hvordan dere jobber videre med dem.

Målet er at deltakerne etter seminaret har fått praktisk hjelp til å utvikle sin undersøkende idé og har en plan for veien videre. Deltakerne skal får også verktøy til å jobbe videre med undersøkende prosjekter.»

SUJO har allerede hatt en del spennende samarbeid med Fagpressen. Samarbeidet har ført til flere fagpressepriser.

Sted: Professorboligen bak universitetets aula i Oslo Sentrum, Karl Johans gate 47.

Kart: <https://www.uio.no/om/finn-fram/omrader/sentrum/se04/>

Professorboligen er universitetets representasjonslokale og ligger ved krysset Frederiks gate og Kristian IVs gate, bare 200 meter fra Nationaltheateret jernbanestasjon, der både flytogene og VY-togene stopper.

Klokka 18.00 Middag på Benares - en indisk restaurant i Tordenskioldsgate 8.

<https://www.benares.no/>

Seminardag 2, Torsdag 3/11:

Klokka 0800 - 0830. Kaffe.

Klokka 0830 - 0945

Statssekretær Oddmund Løkensgard Hoel (Sp) for statsråd Ola Borten Moe:

«Universitets-avisene sett i fra KD: Hvor er blindsonene våre?»

Klokka 1000 - 1100

Redaksjonssjef Bjørnar Kjensli fra forskning.no taler rett fra leveren og kommer med oppriktige og

tankevekkende innspill om de tre universitetsavisene. Han skal utbasunere tankene sine om hva vi burde ha skrevet mer om og hva som er underdekket og hva som er blindsonene våre.

Klokka 1115 - 1200

Mats Arnesen, Khrono og Torkjell Trædal, Aftenposten.

Om avsløringen av de falske universitetene.

<https://khrono.no/de-falske-universitetene/489010>

(fint om dere leser igjennom saken på forhånd)

Klokka 1200 - 1230 Lunsj

Sted: Dag 2 blir arrangert i stort møterom i Georg Sverdrups hus (Universitetsbiblioteket) på Blindern

Kart: <https://www.uio.no/om/finn-fram/omrader/blindern/bl27/>

Dette er universitetets vakreste bygning. Møtelokalet ligger i det nordøstre hjørnet - rett bak - og i samme etasje som kantinen.

Dere kan enten reise med T-banen til Blindernveien stasjon eller med trikken til holdeplassen «Universitetet Blindern».

Etter seminaret tar vi maxitaxi til Naturhistorisk museum på Tøyen

Klokka 13.00 - 15.00. Omvisning på de nye utstillingene om jordas historie og livets utvikling på Naturhistorisk museum og på universitetets herbariesamling (grunnlaget for dokumentasjonen av biologisk mangfold).

Beste hilsener Yngve i Apollon

